



Statens vegvesen

FRANK RUNE DALE
SAGSTADVEGEN 67
5918 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
18/33846-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
16.03.2018

Avkøyrsløse frå fv. 244 Sagstadvegen til gnr. 24 bnr. 7, Sagstadvegen 67, i Meland kommune

Vi viser til dykkar brev motteke 17.02.2018, om avkjørsle til eigedom gnr. 24 bnr. 7 i Meland kommune.

Bakgrunn

Utval for drift og utvikling (UDU) i Meland kommune gav i møte 05.12.2017 dispensasjon frå arealformål i kommuneplanen for bygging av generasjonsbustad på gnr. 24 bnr. 7. I samband med klage i saken har grunneigar hevda at det allereie er eit sekundærhusvære på eigedomen, men at det er for lite til å stette dagens krav. Etter kva Statens vegvesen kan sjå, har ikkje kommunen teke stilling til dette i si handsaming.

Spørsmål frå grunneigar

Grunneigar ønskjer ein uttale frå Statens vegvesen om avkjørsleløyve. Han visar til at det allereie er 2 bueiningar på eigedomen, samt at det i ein periode har vore kontorverksemd i den eine eininga. Etter deira syn vert det difor redusert trafikk i avkjørsle ved bygging av generasjonsbustad.

Uttale frå Statens vegvesen

Etter kva vi kan sjå i matrikkelen er det berre registrert ei bueining på eigedomen. Vi må difor leggje dette til grunn inntil det er dokumentert at eigedomen har fleire godkjente bueiningar.

Like eins må det dokumenterast at eigedomen har løyve til avkøyrsløse for 2 bueiningar. Viss eigedomen har slikt løyve vil det ikkje vere trong for nytt løyve til generasjonsbustaden. Viss dette ikkje kan dokumenterast må det søkast om løyve til utvida/endra bruk av avkøyrsløse.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Til informasjon er all endring i bruk av avkjørsle søknadspliktig, sjølv om endringa inneber mindre bruk enn før. Reell bruk som ikkje har vore omsøkt og godkjent kan ikkje leggest til grunn for vurdering av avkjørsla.

Søknadsskjema for avkøyrslе finn ein på denne adressa:

<https://www.vegvesen.no/om+statens+vegvesen/kontakt+oss/skjemaer-og-blanketter>

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG